

FLORA KOMMUNE

Sikringskost og melisdryss

Den kulturelle skulesekken i Flora Kommune

[2012-2016]

Innhold

Sikringskost og melisdryss, ei innleiing	1
Oversikt over tilboda i lokalplan for Flora Kommune	3
Organisering og kvalitetssikring	4
Økonomiplan 2012-2016.....	4
Film og kino	4
Ressursar	5
Kulturarv.....	5
Ressursar	7
Litteraturformidling.....	8
Ressursar	8
Musikk	9
Ressursar	9
Skulebaserte prosjekt.....	9
Ressursar	10
Visuell kunst, arkitektur og design	10
Ressursar	10
Vedlegg:.....	11
Litteratur.....	11
Kulturkontaktar i Floraskulen	11

Sikringskost og melisdryss, ei innleiing

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing som skal sikre barn og unge tilgang til kunst- og kulturtilbod. Skulesekktilbodet er eit varig og regelmessig tilbod, knytt til læreplanar, og skal nå alle barn i skulealder.

I *Stortingsmelding nr 8, Kulturell skulesekk for framtida*, blir det gjort klart at «Noreg skal vere ei leiande kulturnasjon som legg vekt på kunst og kultur i alle delar av samfunnslivet.» Vidare står det

at «den kulturelle skulesekken skal medverke til at elevane i skulen får oppleve, gjere seg kjende med og utvikle forståing for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk av alle slag.»

Den statlege satsinga på kultur for barn og unge, kan delast i tre; kulturskulen, Ungdommens kulturmønstring og den kulturelle skulesekken. For kulturskulane er det opplæringa som er viktig, i Ungdommens kulturmønstring er det aktiviteten og i den kulturelle skulesekken er det opplevinga som står i sentrum. Profesjonalitet og oppleving er derfor heilt sentrale stikkord i arbeidet med den kulturelle skulesekken.

Den lokale kulturelle skulesekken skal vere ein reiskap for skulane og sikre ei lokal forankring av tilboda, både gjennom den lokale kulturarven og gjennom å søke å nytte seg av lokale ressursar. Den bygger på nasjonale og regionale føringar mellom anna gjennom å legge til rette for;

- At elevane i skulen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjend med, og utvikle forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag.
- Å medverke til at elevane i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod.
- Å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnariske og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læremål.¹

I følgje den generelle delen av læreplanen er "målet for opplæringa [...] å ruste barn, unge og vaksne til å møte livsens oppgåver og meistre utfordringar med andre. Ho skal gi kvar elev kompetanse til å ta hand om seg sjølv og sitt liv, og samtidig overskott og vilje til å vere andre til hjelp."²

Barn, unge og vaksne skal med andre ord få høve til å utvikle evnene til "erkjenning og oppleving, til innleving, utfalding og deltaking".³ Sentralt i dette står det skapande mennesket, som både bygger på "det tidlegare slektsledd har tenkt og følt "samtidig evna til å bruke dette til å "overskride dei grenser fortida sette ved nybrott og skaparkraft".⁴

Fokus på kulturarv, identitet, menneskets kreative evner og kunnskap om vår kulturelle tradisjon står derfor sterkt i grunnopplæringa. Dette står også sentralt i den kulturelle skulesekken, der barn og unge får møte skapande kunst, både av historisk art og i ein samtidskontekst. Gjennom desse møta kan ein "rykkjast ut av oppgådde spor, utfordrast i synsmåtar og få opplevingar som eggjar til kritisk gjennomgang av gjengse oppfatningar og til brott med gamle former."⁵

Den kulturelle skulesekken kan, og skal, vere eit supplement til skulefaga, "der ny innsikt er henta gjennom teoretisk utvikling og er prøvd med logikk og erfaring."⁶ Høve til å øve opp evna til munnleg og skriftleg framstilling og refleksjon av mange ulike kommunikasjonsformer er sentralt.

I kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020 blir følgjande mål skissert for dei kommunale kulturtilboda til barn og unge; "Alle barn og unge skal i oppveksten sin i Flora få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk med basis i oppleving, læring og aktivitet."

Mål for den kulturelle skulesekken;

Den kulturelle skulesekken skal sikre oppleving av kulturtilbod for alle elevane i grunnskulen i Flora

¹ Tildelingsbrev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 26.10.2011

² Læreplan for grunnskulen generell del s 2

³ Ibid.

⁴ Ibid.

⁵ Læreplan for grunnskulen generell del S 6

⁶ Ibid.

- Tilboda skal ha høg kvalitet, varierte formidlingsformer og fagleg god forankring.
- Alle elevar i grunnskulen skal få minimum to tilbod gjennom den lokale planen, kvart år.

Oversikt over tilboda i lokalplan for Flora Kommune

Oversikt over tilboda i lokal plan						
Tilbod	Film/kino	Kulturarv	Litteraturformidling	Musikk	Visuell kunst, arkitektur og design	Skulebaserte prosjekt
Ansvar	Flora kommunale kino	Kystmuseet i Sogn og Fjordane / Flora krigshistorielag / Ausevikas venner	Flora folkebibliotek	Flora kommunale Kulturskule / Kultur og fritid	Kultur og fritid / Plan og samfunn	Den einskilde skule
Alder/klassestrinn						
1	Skulekino	Florø bys historie				x
2	Skulekino	Krigsminne Havreneset	Intro. til biblioteket m/ lesestund			
3	Skulekino	Båtar og leik			Visuell kunst	
4	Skulekino	Ausevika				x
5	skulekino		Forfattarbesøk			
6	Skulekino	Sildeflekking				
7	Skulekino			Konsert		
8	Skulekino	Oljeverksemd Nordsjøen			Arkitektur og byplanelgging	x
9	Film og manus	Mat og helse	Film og manus			
10	Skulekino	Krigsminne Storåsen			Visuell kunst/design	

Haust ■ Vinter ■ Vår ■ Heile året

Organisering og kvalitetssikring

Den lokal kulturelle skulesekken er organisert som eit samarbeid mellom kultur og fritidstenesta og skulenettverket. Kultur og fritid har ei koordinerande rolle, og har ansvar for å programmere og gjennomføre fleire av tiltaka. Samarbeid med skulane, gjennom skulenettverket, skal sikre gode tilbod til elevane, som er relevante i skulekvardagen og passer inn i skuleåret.

Program for neste skuleår innan dei ulike tiltaka blir utarbeidd på våren. Samtidig må skulane melde inn kva tiltak dei ønskjer å gjennomføre for det neste skuleår, innan 1.juni kvart år. Dette blir nytta til økonomistyring og rapportering. På kulturforum i september kvart år, blir detaljar i årets program presentert for skulane. Dette fokuset på programlegging og tilrettelegging av tiltaka, er ein del av arbeidet med å sikre høg kvalitet og breidde i tilboda til elevane. Kultur og fritid og skulane har eit gjensidig ansvar for å nå måla i denne planen.

Økonomiplan 2012-2016

Inntekter;	Fylkeskommunalt tilskot	138000
	Kommunalt tilskot	82000
	Total inntekter	220000
Utgifter;	Sogn og Fjordane fylkeskommune	32000
	Rikskonsertane	30000
	Litteraturformidling	19000
	film og manus	18000
	Kino	47000
	Kulturarv	5000
	Musikk	17500
	visuell kunst	7000
	arkitektur og byplanlegging	2000
	Skulebaserte prosjekt	40000
	diverse; kulturforum / kurs / medlemsavgift	2500
	total utgifter	220000

Film og kino

Målsetning

Elevane skal få oppleve film som kunst, og som læremiddel.

Om tiltaket

Film formidlar kunnskap om verda og livet, den rører ved kjensler og stimulerer fantasien. Kunnskap om film er med å fremje verbal- og biletspråket. Film er også med gi ei felles kunstoppleving for eit stor elevgruppe samtidig.

I norskfaget er film ein del av det utvida tekstbegrepet som har kompetansemål på alle steg i grunnskulen. Elevane skal mellom anna samtale om korleis ord og bilete verkar saman (2.årssteg),

drøfte estetiske verkemiddel i samansette tekstar (4.årssteg), vurdere filmar (7.årssteg) og vurdere estetiske verkemiddel og reflektere over korleis vil blir påverka av lyd, språk og bilete (10.årssteg). Innan hovudområdet visuell kommunikasjon i kunst og handverksfaget er "praktisk skapande arbeid med todimensjonal form og digitale billedmedia vektlagt. Form, farge og komposisjon samt idéutvikling, problemløysing og symbolhandsaming er sentrale emne. Eksperimentering med visuelle virkemiddel står sentralt i arbeid med visuell kommunikasjon i ulike media."⁷

Tiltak	Innhald	Ansvarleg for gjennomføring
Skulekino	Det blir arrangert skulekinoveke i samband med den nasjonale skulekinodagen i februar kvart år. Det er ønskjeleg med mest mogleg dagsaktuelle filmar og/eller at filmene er knytt til leseprosjekt eller barne- og ungdomsbøker. Filmene tilpassast aldersgruppene. Skulekino blir gjennomført i kinosalen på Flora samfunnshus.	Kultur og fritid
Film og manus	Film og manus blir arrangert kvart år for alle 9.klassingar. Tiltaket blir gjennomført som eit prosjekt, med fokus på ulike delar av filmproduksjonen, forholdet til litteratur og manusutvikling er sentralt. Tiltaket kan ha ulikt innhald frå år til år. Tiltaket er tverrfagleg, både innan film og kino og litteraturformidling.	Kultur og fritid

Ressursar

[Flora kommunale kino](#)

[Film og Kino](#)

[Vestnorsk filmsenter](#)

[Norsk filminstitutt](#)

Kulturarv

Målsetjing

Elevane skal få kjennskap til den lokale, regionale og nasjonale kulturarven gjennom å få innblikk i kystkulturen før og no, og kunnskap til å kjenne att historiske spor i lokalmiljøet.

Om tiltaket

Læreplanen sin generelle del legg vekt på at utviklinga av identitet skjer gjennom innleving i "nedarva veremåtar, normer og uttrykksformer".⁸ Historie i grunnskulen dreier seg om å undersøke og drøfte

⁷ Læreplan i kunst og handverk, hovudområder i faget

⁸ S 4

korleis menneske og samfunn har endra seg gjennom tidene. Kompetansemål som kan knytast til kulturarven vår er mellom anna.

- Utforske kjelder og bruke dei til å lage etterlikningar av gjenstandar frå fortida (4.årssteg).
- Kjenne att historiske spor i sitt eige lokalmiljø og undersøke lokale samlingar og minnesmerke (4.årssteg).
- Utforske ulike kjelder, illustrere korleis dei kan gje ulik informasjon om fortida, og forklare korleis historikarar bruker dei til å lage historiske framstillingar. Læreplan i Mat og helse Lage tradisjonsmat og mat frå ulike kulturar, og bruke naturen som ressurs.(7.årssteg).
- Finne døme på hendingar som har vore med på å forme dagens Noreg, og reflektere over korleis samfunnet kunne blitt dersom desse hendingane hadde utvikla seg annleis (10.årssteg).
- Presentere viktige utviklingstrekk i norsk historie i første halvdel av 1900-talet, og forklare korleis dei peikar fram mot samfunnet i dag (10.årssteg).

Tiltak	Innhald	Ansvarleg for gjennomføring
Florø bys historie	Besøk på Kystmuseet, med introduksjon til Florø bys historie. Ca 1 skuletime.	Skulane tar kontakt med Kystmuseet.
Krigsminne Havreneset	Elevane får besøke kanonstillinga i Havreneset. Det er utarbeidd eit opplegg som legg opp til dramatisering med føre- og etterarbeid på skulen og besøk på kanonstillinga. Det er ei kasse med rekvisittar som skulane kan låne. Ta kontakt med Kultur og fritid.	Skulane
Båtar og leik	Elevane får ei kort orientering om ulike båt- og segltypar i museet sin båthall. Deretter er det samling i kafeen, der elevane får høve til å lage enkle modellbåtar med utgangpunkt i foto og maleri av verkelege båtar. Kystmuseet stiller med halvfabrikerte båtar, materiell til segl og rigg, lim pistolar og anna. Elevane kan sjølv velje om dei skal lage ein avansert fullriggar eller eit enklare fartøy, t.d vikingskip. Tiltaket bør gjennomførast på våren i 3.klasse eller i 4.klasse. Opplegget varer i om lag 3 timar.	Skulane kontaktar Kystmuseet.
Ausevika	Besøk på helleristningsfeltet i Ausevik, med ein times omvising, for grupper på 15-20 elevar. Det er mogleg å gjere avtale om grilling og bading.	Skulane kontaktar Kultur og fritid

	Det er utarbeidd plansjar som skulane kan låne til føre- og etterarbeid. Ta kontakt med Kultur og fritid.	
Sildeflekking	<p>Elevane får høve til å flekke sild på gamlemåten, med kniv på flekkebenken. Den flekte silda tek elevane med heim elelr til skulen, og heng opp for å lage tørkasild. Kystmuseet legg til rette fysisk, skaffar sild og har personale på Bataldebua. Siste del av økta går med til opprydding og vasking av benkar og golv. Dette er sjølvsgt ein obligatorisk del av opplegget. Det er ikkje oppvarming på Bataldebua, så deltakarane må ha varme klede. Oljeklede vil vere ein fordel.</p> <p>Opplegget blir gitt i mars månad og varer 2-3 timar.</p>	Skulane tar kontakt med Kystmuseet, innan 1.februar kvart år.
Oljeverksemd i Nordsjøen	<p>Elevane besøker oljeutstillinga i Snorreankeret og får ei innføring i oljeverksemda rett utanfor kysten vår, frå oljedanninga for millionar av år sidan til korleis den i dag blir leita fram, henta opp og frakta i land. Deretter blir det omvising på Fjordbasen.</p> <p>Opplegget varer i om lag 3 timar.</p>	Skulane tar kontakt med Kystmuseet.
Mat og helse	Kystmuseet har utvikla eit opplegg knytt til hygiene og konservering av mat. Tiltaket er knytt til læremål innan faget mat og helse.	Skulane tar kontakt med Kystmuseet.
Krigsminne Storåsen	Opplegg utvikla av Flora ungdomsskule i samarbeid med Florø krigshistorielag og Kultur og fritid. Opplegget tar utgangpunkt i bunkersanlegga ved stadion og i Storåsen.	Skulane

Ressursar

[Kystmuseet i Sogn og Fjordane](#)

[Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane](#)

Vassbruksmiljøet i Terdalen

Svanhild og Atløy

Svanøy Hovudgård

Ausevikas venner – arrangerer mellom anna Bergkunstdagane

Litteraturformidling

Målsetjing

Elevane skal høve til å utvikle leselyst og leseglede, samt bli kjende med biblioteket og lære å nytte biblioteket sine ressursar i samband med oppgåver og prosjekt.

Om tiltaket

Gjennom oppvekstplanen har Flora kommune peika på språkutvikling og lesing som særleg viktige område. Tiltaka innan litteraturformidling søker å støtte skulane si satsing på lesing mellom anna gjennom å gje dei høve til nytte seg av biblioteket som kunnskapskjelde, men også gjennom å gi dei gode opplevingar og møte med litteratur mellom anna gjennom møte med forfattarar.

Flora folkebibliotek gir også tilbod om depotlån (kassar med 40-50 bøker tilpassa klassesteget som supplement til skulen si boksamling), og emnekasse (bøker om eit bestemt emne til utfyllande lesing og oppgåveløysing).

Tiltaka innan litteraturformidling søker å sikre følgjande kompetanse mål i norsk:

- Finne skjønnlitteratur og faktabøker på biblioteket til eiga lesing (2.årssteg).
- Finne stoff til eigne skrive- og arbeidsoppgåver på biblioteket (4.årssteg).
- Bruke biblioteket på ein målretta måte (7.årssteg).

Tiltak	Innhald	Ansvarleg for gjennomføring
Introduksjon til biblioteket m/lesestund	Elevane får bli kjend med barnekroken, lære om alderskodar, faktabøker kontra forteljingsbøker, biletbøker og eventyr. Elevane får lånekort. Skulen samarbeider med biblioteket om høgtlesing.	Skulane tar kontakt med biblioteket.
Forfattarbesøk	Elevane får møte ein forfattar som kjem på besøk på skulen.	Kultur og fritid
Film og manus	Film og manus blir arrangert kvart år for alle 9.klassingar. Tiltaket blir gjennomført som eit prosjekt, med fokus på ulike delar av filmproduksjonen, forholdet til litteratur og manusutvikling er sentralt. Tiltaket kan ha ulikt innhald frå år til år. Tiltaket er tverrfagleg, både innan film og kino og litteraturformidling.	Kultur og fritid

Ressursar

[Flora folkebibliotek](#)

- Depot og emnekasser; Biblioteket kan lage i stand depotkassar eller emnekassar etter bestilling frå skulane, så langt lageret rekker.

- Litteraturprat for 7.klasse i regi av biblioteket.
- Kor' Arti – til utlån på biblioteket

Musikk

Målsetjing

Elevane skal få ei fellesoppleving med utgangspunkt i musikk.

Om tiltaket

Tiltaket skal søke å vere eit supplement til dei fylkeskommunale turneane. Tiltaket innan musikk skal søke å støtte måla i læreplanen innan området "lytte" for 7.årssteg, mellom anna kompetansemåla:

- Gjenkjenne musikk frå historiske hovudepokar i kunstmusikken.
- Diskuter særtrekk ved kunstmusikk og norsk folkemusikk

Tiltak	Innhald	Ansvarleg for gjennomføring
Konsert	Elevane får oppleve musikk av høg kvalitet. Innhaldet kan variere frå år til år, men hovudfokus vil vere på å skape ei god oppleving av musikk for elevane. Konserten blir i utgangspunktet gjennomført på Flora samfunnshus. Det er eit ønskje å nytte seg av lokale ressursar slik som Flora kommunale Kulturskule, eller andre.	Kultur og fritid

Ressursar

Skulebaserte prosjekt

Målsetjing

Elevane skal få delta i ei framføring eller presentasjon, der samarbeidet med profesjonelle kunstnarar / musikarar er med å aukar kvaliteten.

Om tiltaket

Læreplanen seier at elevane skal kunne utvikle gleda ved det vakre både i møte med kunstnariske uttrykk og ved å utforske og utfalde egne skapande krefter. Då innhaldet i tiltaket vil variere frå skule til skule, og år til år, må skulane sjølve finne dei kompetansemåla som dei ønskjer å sikre gjennom samarbeid med profesjonelle utøvarar. Presentasjonen som samarbeidet skal munne ut i, kan også definerast breitt ut frå skulen sine egne prioriteringar.

Midlane knytt til tiltaket fordelast per skule utifrå elevtal pr oktober 2011. Det blir utarbeidd ein eigen plan for når skulane får sin pott i løpet av ein fireårsperiode.

Tiltak	Innhald	Ansvarleg for gjennomføring
Skulebasert prosjekt	Skulane veljar sjølv innhald. Det er ein føresetnad for tildeling av midlar, at det blir lagt opp til ei framføring eller presentasjon og at det er eit samarbeid med profesjonelle kunstnarar / musikarar.	Skulane

Ressursar

[Flora kommunale kulturskule](#)

[Sogn og Fjordane teater](#)

Visuell kunst, arkitektur og design

Målsetjing

Alle elevane i Floraskulen skal oppleve og få høve til å reflektere og utvikle eit språk i forhold til visuell kunst/design og arkitektur i løpet av si skuletid.

Om tiltaket

Tiltaka skal søke å gi den enkelte elev eit møte med eit kunstverk, design eller arkitektur som stimulerer til oppleving, refleksjon og dialog. På sikt er det ønskeleg at alle elevar får besøke eit av dei store kunstmusea i løpet av skuletida, td. Sogn og Fjordane kunstmuseum.

Tiltak	Innhald	Ansvarleg for gjennomføring
Visuell kunst	Det leggst til rette for oppleving av visuell kunst for elevar i barneskulen. Dette kan vere i form av ei utstilling, eller formidling tilrettelagt denne aldersgruppa.	Kultur og fritid
Visuell kunst / design	Det leggst til rette for oppleving av visuell kunst eller design for elevar på ungdomsskulen. Dette kan vere i form av ei utstilling, eller formidling tilrettelagt denne aldersgruppa.	Kultur og fritid
Arkitektur og byplanlegging	Med utgangpunkt i ulike planprosessar i kommunen, vil det bli laga eit opplegg for 8.klasse med utgangpunkt i arkitektur og kulturhistoriske bygningsmiljø, og utvikling av dette.	Tenestene Plan og samfunn og Kultur og fritid

Ressursar

Kultur og fritid

Skulpturheftet

[Sogn og Fjordane kunstmuseum](#)

[Nasjonalmuseet](#)

[Google art](#)

[Kunstløftet](#)

[Ukenskunstverk.no](#)

Flora kunstlag

Vedlegg:

Litteratur

Kulturkontaktar i Floraskulen